



Styre: Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak: 23/17

Møtedato: 09.05.2017

Dato: 28.04.2017

Arkivsaknr: 2017/5384-

INGHA

Søkjartal 2017 - sterk auke ved HF

Søkjartala i Samordna opptak viser ein auke på 2,7 prosent for alle institusjonane innan høgare utdanning. UiB har ein auke på 7,5 prosent. Av fakulteta ved UiB har HF ein auke på heile 21,9 prosent, og det er berre Det medisinsk odontologiske fakultet som har større auke ved UiB.

Ein grunn til HF har så sterk auke er at det er oppretta nye lektorutdanningsprogram i historie og religionsvitenskap, der det er svært mange søkjarar til få studieplassar. Men det er også ein sterk auke i nokre av bachelorprogramma og i årsstudia.

Tala for HF kan samanfattast slik:

Program	studieplassar		1. prioritetsøkjarar		Endring%
	2016	2017	2016	2017	
Bachelor	677	687	801	901	12,5
Lektorutdanning	60	71	117	244	108,5
Årsstudium	228	218	501	585	16,8
Sum	965	976	1419	1730	21,9

Oversikt over søkjarar til dei enkelte programma er vedlagt.

Bachelorprogramma

Bachelorprogramma er gruppert etter språkfag og historie- og kulturfag.

Auken er størst innan språkprogramma, men det er ein del ulike tendensar. Klassisk filologi og norrøn filologi har størst prosentvis auke, men desse programma har likevel få søkjarar.

Kinesisk hadde ikkje opptak i 2016, og det fører til at samla prosentvis auke blir stor.

Arabisk, engelsk, japansk, tysk og russisk har også sterk prosentvis auke, og arabisk og russisk har no mange søkjarar per studieplass. Fransk, italiensk, spansk, nordisk språk og litteratur og norsk som andrespråk har nedgang, men fleire av desse faga har også lyst ut årsstudium der det er auke i søkjartalet.

Innan historie- og kulturfag er det auke i alle programma med unntak av kunsthistorie og kjønnsstudier. Prosentvis auke er størst i kulturvitskap, arkeologi, teatervitskap og filosofi. Historie som har det høgste søkjartalet har også ein bra auke.

Søkjartalet i høve til talet på studieplassar aukar frå 1,36 til 1,51 i språkfaga og frå 1,07 til 1,16 i historie og kulturfag.

Lektorutdanningsprogramma

Tidlegare hadde fakultetet to lektorprogram, eitt felles program i framandspråk med spesialisering i engelsk, fransk og tysk og eitt i nordisk med til saman 60 studieplassar. I 2017 er det lyst ut nye program i historie og religionsvitskap med 6 og 5 studieplassar, og programmet i framandspråk er lyst ut som tre program for å synleggjere spesialiseringane.

Historie og religionsvitskap har fått mange søkjarar i høve til studieplasstalet, 96 og 20 søkjarar.

I framandspråkprogramma er det totalt 80 søkjarar, 75 til engelsk og 5 til tysk, men ingen til fransk. Når ein slår saman spesialiseringane, blir det ein auke i søkjartalet på 11 prosent i høve til 2016. Programmet med spesialisering i nordisk har også auke i søkjartalet.

Totalt er 3,45 førsteprioritetssøkjarar per studieplass til lektorutdanningsprogramma, og det vil ikkje vere mogleg å gje tilbod om studieplass til alle. Dette kan vere søkjarar som har nærskylde program ved fakultetet som 2. eller høgare prioritet, og det kan føre til at talet på aktuelle søkjarar på ein del andre program kan auke.

Årsstudia

Totalt er det ein auke i søkjartalet på 16,8 prosent, og det er 2,68 førsteprioritetssøkjarar per studieplass. Også her er det store skilnader mellom programma: engelsk, historie, norsk som andrespråk, religionsvitskap og fransk har sterk prosentvis auke medan tysk, nordisk og filosofi har nedgang. For nokre fag (fransk, norsk som andrespåk og tysk) er det motsett tendens når det gjeld utviklinga i søkjartala i årsstudia og bachelorprogramma.

Oppsummering

Det er ei positiv utvikling i søkjartala til HF i 2017. Utviklinga er til dels motsett av det som var tendensen i 2016. Det gjer det vanskeleg å vurdere om søkjartalet vil halde seg i komande år. Ein rask gjennomgang av søkjartala til HF-program ved UiO viser til dels same tendens der, men UiO har litt mindre auke i søkjartalet enn UIB.

Dekanens kommentarer

For HF betyr auken i søkjartalet at vi sannsynlegvis vil få fleire godt kvalifiserte studentar på dei fleste studieprogramma i komande studieår. For fagmiljøa og fakultetet er det ei utfordring å legge til rette for godt mottak og god oppfølging av studentane. Med god gjennomføring vil det bli auke i avlagde studiepoeng, og det kan bidra til å styrke ressursgrunlaget ved fakultetet.

[NN sine] kommentarer

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret tek saka til orientering.

Margareth Hagen
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør

Vedlegg: Studieplassar og søkjartal på dei enkelte programma i 2016 og 2017

	Studieplassar		1. prioritetsøklarar		Endring
	2016	2017	2016	2017	
Bachelorprogram					
Arabisk	10	15	22	39	+77.27%
Engelsk	70	65	75	87	+16.00%
Fransk	17	10	24	11	-54.17%
Italiensk	8	12	15	14	-6.67%
Japansk	38	25	67	89	+32.84%
Kinesisk		20		32	
Klassisk filologi	10	10	4	10	+150.00%
Norrøn filologi	5	5	4	8	+100.00%
Nordisk språk og litteratur	15	30	23	18	-21.74%
Norsk som andrespråk	5	10	21	7	-66.6
Russisk	18	15	28	34	+21.43%
Spansk språk og latinamerikastudier	40	30	46	31	-32.61%
Språkvitenskap	14	15	17	20	+17.65%
Tysk	10	10	8	10	+25.00%
Sum språk	260	272	354	410	15,8

Arkeologi	40	40	47	60	+27.66%
Digital kultur	30	45	42	53	+26.19%
Filosofi	35	40	43	54	+25.58%
Historie	112	115	135	148	+9.63%
Kjønnsstudier	15	15	17	13	-23.53%
Kulturvitenskap	25	20	13	17	+30.77%
Kunsthistorie	40	35	39	26	-33.33%
Litteraturvitenskap	50	45	55	56	+1.82%
Religionsvitenskap	30	30	20	21	+5.00%
Retorikk	20	15	14	15	+7.14%
Teatervitenskap	20	15	22	28	+27.27%
Sum historie- og kulturfag	397	400	425	463	9,8
Sum bachelor	657	672	779	873	12,5

Lektorutdanning					
Engelsk	32	18	72	75	+4.17%
Fransk		7			
Tysk		7		5	
Nordisk	28	28	45	48	+6.67%
Historie		6		96	
Religionsvitenskap		5		20	
Sum lektorutdanning	60	71	117	244	108,54 %
Årsstudium					
Engelsk	22	27	59	88	49,15 %
Filosofi	10	15	41	37	-9,76 %
Fransk	8	10	20	24	+20.00%
Historie	40	40	88	124	+40.91%
Kjønn, seksualitet og mangfold	10	10	37	38	+2.70%
Kunsthistorie	30	30	52	55	+5.77%
Nordisk	30	35	75	66	-12
Norsk som andrespråk	20	13	53	73	+37.74%
Religionsvitenskap	30	20	34	41	+20.59%
Spansk språk og latinamerikastudier	20	10	27	28	+3.70%
Tysk	8	8	15	11	-26.67%
Sum årsstudium	228	218	501	585	16,80 %
Sum alle program	885	901	1280	1574	21,90 %